

Frå: Siril Therese Sylta
Send: torsdag 18. november 2021 14:12
Til: jhkvist@broadpark.no
Emne: SV: Møte, ang. gbnr.109/14 Saltnes

Hei.

Viser til din e-post under, og tidlegare telefonsamtale.

Det vart gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden og frå plan- og bygningslova § 1-8 og rammeløyve for riving og oppføring av ny fritidsbustad på eigedommen i vedtak datert 09.12.2019. Vedtaket som er gjort er gyldig i 3 år, og denne fristen kan ikkje forlengast.

Dersom du ønskjer å søke om ein ny fritidsbustad med endra utforming og storleik, kan du sende inn ein ny rammesøknad med oppdaterte kart og teikningar av den fritidsbustaden du vil bygge. Endringa må også nabovarslast. Vilkårane som er satt i vedtaket frå 2019 må følgjast opp i ein ny byggesøknad.

Under føresetnad av at du ikkje gjer endringar som skissert under, så kan ein ny byggesøknad på ein ny fritidsbustad handsamast innanfor den dispensasjonen som er gitt, så lenge du søker og får behandla søknaden før 09.12.2022 (etter dette er vedtaket borfalt).

Forholda som er avgjerande for at du er i tråd med den dispensasjonen som er gitt vil vere:

- At ny fritidsbustad ikkje har eit større bygd areal og/eller bruksareal enn den som er gitt rammeløyve til
- At høgda ikkje avviker vesentleg frå det som er godkjent i 2019
- At plasseringa av ny fritidsbustad ikkje kjem nærare sjø enn det som er handsama og godkjent i 2019
- At ny fritidsbustad i hovudsak har same plassering på eigedommen som i vedtaket frå 2019.

Vert det gjort endringar som er i strid med det som går fram av punkta over, må det også søkjast om dispensasjon for oppføring av ny fritidsbustad då det vil vere forhold som ikkje er handsama i vårt vedtak datert 09.12.2019.

Ved innsending av ny rammesøknad for oppføring av fritidsbustad blir det tatt gebyr som for ny sak. For 2021 er det kr. 17 900. Gebyret for 2022 blir vedtatt av kommunestyret i desember.

Mvh

Siril Therese Sylta | Tenesteleiar Arealforvaltning

Telefon: 409 108 80

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE

Frå: Jørn H. Kvist <jhkvist@broadpark.no>

Send: onsdag 27. oktober 2021 21:05

Til: Tone Margrethe Bærland Furustøl <tone.furustol@alver.kommune.no>

Emne: Møte, ang. gbnr.109/14 Saltnes

Hei Tone,

Henvendelsen er vedrørende vedtak om byggeløyve gbnr 109/14 Saltnes (ref. 19/2109 – 19/37160).

Grunnet covid-pandemien ble byggearbeidet ikke påbegynt som planlagt. I inneværende måned er det imidlertid framkommet endringer av planene da en av tiltakshaverne nå vil selge seg ut av eiendommen. Dette vil innen kort tid bli gjennomført.

Jeg som er gjenværende eier, ønsker derfor et møte med deg angående hva dette medfører av endrete bygningsmessige planer for meg og saksgang i så henseende.

Mer konkret betyr det at nybygg vil bli nedskalert både når det gjelder areal, volum og høyde samt færre brukere.

Spørsmål jeg ønsker å diskutere/få informasjon om, gjelder videre behandling fra deres side, evt. endring av eksisterende søknad og frist.

Er det mulig å få til et møte fredag 12.november?

Mvh

Jørn Hagbart Kvist

Tlf. 99562420